



# KONKURRANSEGRUNNLAG

Konkurranse med forhandling  
etter forskriftens del I og III

for anskaffing av 40 omsorgsbustadar

## Innhald

1	GENERELL BESKRIVING.....	3
1.1	Oppdragsgjevar .....	3
1.2	Føremålet med anskaffinga .....	3
1.3	Kontraktsvilkår .....	3
1.4	Viktige datoar .....	4
1.5	Klima - og Miljøkrav .....	4
2	REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBUD .....	5
2.1	Anskaffelingsprosedyre.....	5
2.2	Atterhald og avvik .....	6
2.3	Krav til lønns- og arbeidsvilkår .....	6
2.4	Krav til lærlingar .....	6
2.5	Skatteattest .....	6
2.6	Offentleg innsyn og teieplikt.....	7
2.7	Vedståingsfrist .....	7
2.8	Oppdatering av konkurransegrunnlaget.....	7
2.9	Tilleggsopplysningar .....	7
3	DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD).....	7
3.1	Generelt om ESPD .....	7
3.2	Nasjonale avvisingsgrunnar.....	7
4	KVALIFIKASJONSKRAV .....	8
4.1	Økonomisk og finansielle kapasitet.....	8
4.2	Tekniske og faglege kvalifikasjonar .....	9
5	Underleverandørar.....	9
6	UTVELJINGSKRITERIUM .....	9
7	TILDELINGSKRITERIER.....	11
7.1	Evalueringsmetode .....	12
8	<b>INNLEVERING AV FØRESPURNAD OM DELTAKING I KONKURRANSEN .....</b>	<b>12</b>
9	<b>INNLEVERING AV TILBOD .....</b>	<b>12</b>
9.1	Tilbudets utforming .....	12
10	VEDLEGG.....	13



## **1 GENERELL BESKRIVING**

### ***1.1 Oppdragsgjevar***

Oppdragsgjevar er Øygarden kommune. Øygarden kommune er den nest største kommunen i Vestland fylke med omlag 40 000 innbyggjarar og 2 500 tilsette. Straume er kommunesenter (ca. 15 minutt køyring frå Bergen) med kommunedelsenter på Rong og i Skogsskiftet.

### ***1.2 Føremålet med anskaffinga***

Øygarden kommune har til hensikt å inngå kontrakt med leverandør for kjøp av 40 nøkkelferdige omsorgsbustadar tilrettelagt for heildøgns omsorgsteneste. Det har vore gjennomført marknadsdiallog om konkurransen med spesielt omsyn til kva tomter marknaden kunne tilby. Basert på denne er det bestemt at lokalisering av bustadene må vere på Ågotnes eller Straume. Vedlagt konkurransen ligg den geografiske avgrensinga for dei to lokasjonane. Denne er basert på Strategiar for arbeidet med arealdelen til kommuneplanen 2027-2039, med mindre tilpasningar.

Det er eit aukande behov for omsorgsbustadar i kommunen, både no og i framtida. Brukarar av dei nye bustadene vil vere eldre, med eller utan demens, som fungera med ein viss grad av sjølvstende. Dette er personar som har tenester som er meir omfattande enn heimetenesta i dag kan tilby i eige bustad.

Prosjektet må kvalifisere for investeringstilskot frå Husbanken og oppfylle Husbanken sin rettleiar for lokalisering og utforming av omsorgsbygg. Kommunen vil handtere søknaden mot husbanken. Etter godkjent søknad husbanken vil kommunen søke om delutbetaling av tilskot til tilbydar. Dette utgjer 40 prosent av investeringstilskotet. Delutbetalinga vert utbetalt til tilbydar som eit forskot på kjøpesummen.

Prosjektet skal levere 40 nye omsorgsbustadar med bugrupper på 10 bebuarar, personalbase og fellesareal. Øygarden kommune legg til grunn omsorgsbustader i bukollektiv kap. 4.2.3 jf. Husbanken sin Veileder for lokalisering og utforming av omsorgsbygg.

Fullstendig beskriving følg av kravspesifikasjonen.

### ***1.3 Kontraktsvilkår***

Kontrakt vert regulert av kontraktsvilkåra i avtale om kjøp av omsorgsbustadar som ligg ved.

### 1.4 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stilla spørsmål til kvalifiseringsprosessen	12.08.2026
Frist for å levera førespurnad om å bli kvalifisert	21.08.2026 kl. 12:00
Melding om resultatet av kvalifiseringa	07.09.2026
Frist for å levera tilbod	06.11.2026 kl. 12:00
Evaluering og forhandlingar	Uke 46-50
Frist revidert tilbod	Uke 51
Melding om val av leverandør	Veke 2 2027
Utløp av karenperiode	10 dagar etter val av leverandør
Kontraktsinngåing	Etter karenfrist er ute
Vedståingsfrist for tilbodet	3 månader etter tilbodsfrist

Vi gjer merksam på at tidspunkta etter opninga av tilboda er førebelse. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen kan berre skje med samtykke frå leverandøren.

### 1.5 Klima - og Miljøkrav

Oppdragsgivar har valt å ikkje vekta klima- og miljøomsyn i tildelingskriteria, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 7-9 (2). I staden har oppdragsgivar valt å stilla klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen, jf. § 7-9 (4): «Tildelingskriterium etter andre og tredje ledd kan bytast ut med klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen, dersom det er klart at dette gir ein betre klima- og miljøeffekt, og dette er grunngitt i anskaffingsdokumenta». Nedanfor følgjer grunngivinga vår.

Klimagassutslepp frå produksjon av materialar og klimagassutslepp frå energibruk i drift er dei mest vesentlege påverknadene byggjeprosjekt har på klima og miljø, basert på erfaringar frå livsløpsberekningar (LCA) for nybygg.

For å redusera påverknaden frå energi er det stilt krav om passivhusnivå etter passivhusstandarden. Dette er i hovudsak passive tiltak i bygningskroppen som gjer bygget svært energieffektivt, og som er eit anerkjent nivå i bransjen. I tillegg er det stilt krav om å



redusera minst 15 % av klimagassutsleppa knytte til materialar, samanlikna med referanseverdiar frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ).

Dersom desse krava hadde vore utforma som tildelingskriterium, er det lite sannsynleg at ein ville ha oppnådd eit energibehov på nivå med passivhus og ein klimagassreduksjon på 15 %. Dette kjem av at passivhus i seg sjølv er eit kostbart tiltak, og at det òg er knytt meirkostnader til meir klimavennlege materialar, som til dømes lågkarbonbetong eller klimagips. Det kan dermed oppstå ein situasjon der vinnartilbodet ikkje oppnår måla, eller der ingen tilbydarar oppnår dei.

Når prosjektet i staden vel å stilla desse to måla som krav, er vi sikre på at alle tilbod vil oppnå måla. Dersom dei vert stilte som tildelingskriterium, er det ikkje sikkert at måla vert nådde. Det er dermed klart at det gir ein betre klima- og miljøeffekt å stilla måla som krav framfor å konkurrera på dei.

Ifølgje anskaffingsforskrifta § 7-9 (1) er formålet med føresegna «å redusera anskaffinga sitt samla klimaavtrykk eller miljøbelastning». Unntaksføresegna i § 7-9 (4) må difor tolkast i lys av dette.

Eit tverrfagleg team med byggfagleg, innkjøpsfagleg, kontraktsrettsleg samt klima- og miljøfagleg kompetanse har gjort denne vurderinga. Konklusjonen er at denne framgangsmåten vil gi best moglege klima- og miljøgevinstar, jf. anskaffingsforskrifta § 7-9 (1), og at vilkåra i § 7-9 (4) dermed er oppfylte. Oppdragsgivar treng difor ikkje ha miljø som tildelingskriterium i denne konkurransen.

## **2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBUD**

### **2.1 Anskaffelingsprosedyre**

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med *lov om offentlige anskaffelser* av 17. juni 2016 (LOA) og *forskrift om offentlige anskaffelser* (FOA) FOR 2016-08-12-974 del I og del III. Oppdragsgivar vil tildela kontrakt etter prosedyren konkurranse med forhandling etter føregåande kunngjering, jf. § 13-1 (2).

Konkurransen startar med ein kvalifiseringsfase. Berre tilbydarar som oppfyller kvalifikasjonskrava og har fått invitasjon, får høve til å levera tilbod.



Oppdragsgjevar vil invitere mellom 3 og 5 leverandørar til å gje tilbod. Dersom fleire kvalifiserte leverandørar enn dette leverer førespurnad om deltaking i konkurransen, vil oppdragsgivar velja ut leverandørar på grunnlag av utveljingskriteria i punkt 6.

Oppdragsgivar vil evaluera alle tilbod frå inviterte tilbydarar. Dei tre tilbydarane med dei beste tilboda etter innleiande evaluering, vil få invitasjon til forhandlingar. Etter forhandlingane, og eventuelle oppdaterte tilbod, vil oppdragsgivar gjennomføra ei endeleg evaluering av dei tre tilboda og tildela kontrakt.

## **2.2 Atterhald og avvik**

Det er høve til å ta atterhald eller ha avvik dersom dei ikkje er vesentlege. Førespurnad om deltaking og tilbod som inneheld vesentlege atterhald og/eller avvik, vil bli avviste. Eventuelle atterhald og avvik frå krava, spesifikasjonen og/eller kontrakten til oppdragsgivar, med vedlegg, må gå fram av førespurnaden om deltaking eller tilbodet.

Atterhald og avvik skal vera klart og eintydig oppgjevne slik at oppdragsgivar kan vurdere dei utan kontakt med leverandøren. Atterhald og avvik som ikkje let seg kostnadsberekna, kan bli rekna som vesentlege og føra til at oppdragsgivar avviser tilbodet.

## **2.3 Krav til lønns- og arbeidsvilkår**

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår ([FOR-2020-02-12-128](#)).

## **2.4 Krav til lærlingar**

Kontrakten vil innehalde krav til lærlingar i samsvar med forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlige kontrakter ([FOR-2016-12-17-1708](#)).

## **2.5 Skatteattest**

Vald leverandør skal, på førespurnad, levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom vald leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vera eldre enn seks månader, rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

Ved byggje- og anleggskontraktar skal òg alle underleverandørar levere skatteattest ved inngåing av kontraktar i tilknytning til oppdraget som overstig kr 500 000 ekskl. mva.



## **2.6 Offentleg innsyn og teieplikt**

For innsyn frå allmenta i dokument knytte til ei offentlig anskaffing gjeld offentliglova. Oppdragsgivaren og dei tilsette har plikt til å hindra at andre får tilgang til eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar, framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som det har konkurransemessig betydning å halda hemmelege, jf. FOA § 7-4 og forvaltningslova § 13.

## **2.7 Vedståingsfrist**

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.4 ovanfor

## **2.8 Oppdatering av konkurransegrunnlaget**

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil vi formidla til alle leverandørar som har registrert interessa si for anskaffinga i Artifik.

## **2.9 Tilleggsopplysningar**

Dersom leverandøren meiner at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar frå oppdragsgivaren via Merzell.

Dersom leverandøren oppdagar feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at leverandøren melder dette til oppdragsgivaren via Artifik.

# **3 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)**

## **3.1 Generelt om ESPD**

Leverandørane skal levere utfylt ESPD som førebels dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylte, og at det ikkje føreligg avvisningsgrunnar.

For å sikre at utveljinga til tilbodsfasen skjer på korrekt grunnlag, forbehold oppdragsgivar seg retten til å be om dokumentasjon for kvalifikasjonskrava saman med førespurnad om deltaking.

## **3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar**

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunner, seksjon D: «Andre avvisingsgrunner som er fastsett i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivarens medlemsstat» Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvisingsgrunnane i FOA § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.



Følgjande av avvisingsgrunnane i FOA § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

§24-2(2). I denne føresegna er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.

24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

## 4 KVALIFIKASJONSKRAV

Leverandøren må levere all dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav ved frist for førespurnad om deltaking i konkurransen.

### 4.1 Leverandørens registrering, autorisasjon mv.

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vera registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller handelsregister i den staten der leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Norske selskap:</b> Firmaattest</li><li>• <b>Utanlandske selskap:</b> Stadfesting på at selskapet er registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller handelsregister i den staten der leverandøren er etablert.</li></ul>

### 4.2 Økonomisk og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet for å oppfylle kontrakten	<ul style="list-style-type: none"><li>• Leverandøren skal leggje fram føretaket sitt årsrekneskap med notar og revisormelding dei siste 2 åra.</li><li>• Leverandøren skal levere kredittvurdering.</li></ul> <p>Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgjevar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram annan relevant dokumentasjon.</p>

### 4.3 Tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha relevant erfaring med gjennomføring av prosjekt som omfattar oppføring av bygg av omtrentleg samanliknbar storleik og kompleksitet. Erfaringa kan vere som byggherre/eigedomsutviklarar eller som totalentreprenør.	<p>Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag/prosjekt. Skildringa skal inkludere ei utgreiing for det aktuelle prosjektet, kva slags type bygg, stad (geografisk), areal, tidspunkt for utføring, omtrentleg kontraktsverdi og leverandøren si rolle i prosjektet.</p> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å vise at dei oppgjevne oppdraga/prosjekta er av omtrentleg samanliknbar storleik og kompleksitet.</p> <p>Også dokumentasjon for relevante prosjekt som leverandøren har utført for meir enn fem år sidan vil verte tekne i betraktning, men ferdigstilling av prosjekta kan ikkje vere for meir enn 10 år sidan.</p>

## 5 Underleverandørar

Leverandøren kan for denne kontrakten støtta seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, jf. FOA § 16-3, og tekniske og faglege kvalifikasjonar, jf. FOA § 16-5.

Dersom ein leverandør støttar seg på kapasiteten til andre verksemder, skal leverandøren dokumentera at han rår over dei nødvendige ressursane, jf. FOA § 16-10, til dømes i form av ei forpliktingserklæring.

Leverandøren skal i tillegg levera eigne ESPD-skjema for aktuelle underleverandørar.

## 6 UTVELJINGSKRITERIUM

Dersom det melder seg fleire enn 3-5 leverandørar som oppfyller minstekrava til kvalifikasjonar, vil oppdragsgjevar rangere leverandørane etter følgjande utveljingskriterium:

Utveljingskriterium:	Dokumentasjonskrav:
Oppdragsgjevar vil vurdere i kva grad plangrunnlaget for den tilbydde tomte opnar for ei hensiktsmessig utbygging av omsorgsbustader med tilhøyrande personalbase i tråd med konkurransegrunnlaget, og om det framstår	<p>Dokumentasjon av tomt og eigedomsforhold:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Identifikasjon av eigedom (gnr./bnr.)</li> <li>• Dokumentasjon på eigarskap eller disposisjonsrett til tomte</li> </ul>

som realistisk at tiltaket kan få naudsynt løyve frå bygningsmynda.

Følgjande moment vert vurdert:

- Om føremålet i plangrunnlaget opnar for den planlagde utbygginga
- Høgde, utnyttingsgrad og andre relevante byggjerammer i plangrunnlaget
- Gjennomføring av eventuelle rekkjefølgjekrav
- Tilkomst og trafikktilhøve
- Eventuelle avvik frå gjeldande plan og kor realistisk det er å få godkjent slike avvik
- Andre planfaglege eller offentlegrettslege forhold som kan vere av betydning for gjennomføringa av tiltaket

Vurderinga vert gjennomført på eit tidspunkt der oppdragsgjevar ikkje sit med eit skisseprosjekt frå leverandør. Vurderinga er difor av overordna karakter og basert på tilgjengeleg dokumentasjon og gjeldande plangrunnlag. Ho tek sikte på å vurdere om tomta framstår som eigna for den etterspurde utbygginga innanfor rammene av konkurransen, men erstattar ikkje seinare plan- eller byggjesakshandsaming hos kompetent myndigheit.

Oppdragsgjevar forbeheld seg retten til å innhente supplerande avklaringar frå kommunal bygningsmynde, vegmynde eller andre relevante offentlege styresmakter dersom dette vert vurdert som naudsynt for evalueringa. Slike avklaringar kan verte gjennomførte for enkelte førespurnader utan at oppdragsgjevar har plikt til å gjennomføre tilsvarande avklaringar for alle leverandørar.

- Eventuelle avtalar eller opsjonar dersom leverandøren ikkje eig tomta

Dokumentasjon av plangrunnlag

- Gjeldande reguleringsplan med føresegner
- Eventuelt anna plangrunnlag som påverkar kva som kan byggjast på eigedomen, til dømes KPA.
- Oversiktskart som viser tomta i planområdet

Leverandør skal utforma eit notat som gjer greie for:

- Korleis planføremålet opnar for omsorgsbustader med personalbase
- Relevante byggjerammer (utnyttingsgrad, byggehøgde, byggegrenser mv.). Leverandør må synleggjera at tomta kan romma prosjektet, til dømes ved hjelp av eit situasjonskart og ei skisse.
- Eventuelle rekkjefølgjekrav og korleis desse er tenkte oppfylte.
- Om åtkomst til tomta er regulert, og om prosjektet vil krevje avklaringar hjå vegmyndigheit.
- Eventuelle avvik frå plan, korleis desse skal løysast (dispensasjon eller planendring) og kvifor leverandøren meiner desse kan godkjennast.

## 7 TILDELINGSKRITERIER

Tildeling skjer på basis av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

Tildelingskriterium	Dokumentasjonskrav
Pris 60 %	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ferdig utfylt tilbodsskjema</li> </ul>
<p>Kvalitet 40 %</p> <p>Tilboda vil verte evaluerte på bakgrunn av ei heilskapsvurdering med særskilt fokus på:</p> <p>Kor godt lokaliseringa og uteområda legg til rette for deltaking i nærmiljøet, tilgang til sentrale funksjonar, moglegheiter for å møte andre menneske og opphalde seg ute i attraktive omgjevnader.</p> <p>Kor godt planløysinga og bygget si utforming legg til rette for gode buforhold for bebuarane, eit heimleg bumiljø og effektiv drift av omsorgsbustadene.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kart som viser bustadene si plassering og gangavstand til sentrale funksjonar og møteplassar i nærmiljøet, som til dømes daglegvarehandel, kollektivtransport, rekreasjonsområde og andre relevante tilbod.</li> <li>- Utomhusplan som viser felles uteareal, hovudgrep for materialbruk, overgangar mellom ulike areal, til dømes kantstein og nivåskilje, og eventuelle særskilde kvalitetar eller identitetsskapande element i uteanlegget</li> <li>- Planløysingar for alle etasjar. Plantegningene skal vise fast innredning og møblering.</li> <li>- Fasadetegninger</li> <li>- Planar som viser føresett bruk av material, overflater og fargar på golv, veggjar og himlingar</li> <li>- Kjøkkenteikningar</li> <li>- Skildring av interiørkonsept som omtaler hovudgrep for bygningsdeler, material- og fargevalg i bebuar- og fellesareal.</li> </ul>



### **7.1 Evalueringsmetode**

Evaluering av pris: Oppdragsgjevar vil nytte ein evalueringsmodell der lågaste pristilbod får 10 poeng basert på ein skala frå 0–10. Andre pristilbod vert gjevne poeng etter lineær skala relativt til lågaste pris.

Evaluering av kvalitet:

Oppdragsgjevar vil gjennomføre ei skjønnsmessig og innkjøpsfagleg heilskapsvurdering basert på vurderingstemaet over. Tilbodet med best kvalitet vert gjeve 10 poeng (på skala 0–10), andre tilbod vert gjevne poeng relativt til dette, basert på ei samla vurdering.

## **8 INNLEVERING AV FØRESPURNAD OM DELTAKING I KONKURRANSEN**

Førespurnad skal leverast i Artifik. Leverandør må levere innan fristen. Det er ikkje høve å ta stilling til søknadar som kjem etter fristen for førespurnad er ute. Leverandør ber risiko for at søknad kjem inn innan oppgjeven frist.

## **9 INNLEVERING AV TILBOD**

Manglande eller mangelfull dokumentasjon kan føra til avvising av tilbod. Etterspurd og relevant dokumentasjon skal lastast opp i svaret på det einskilde kravet, eller leverandøren kan nytta den generelle fana «Dokumenter» i Merccell.

Leverandøren har ansvar for å dokumentera at krava og tildelingskriteria er oppfylte. Leverandøren skal levara tilbodet elektronisk via Artifik innan tilbodsfristen. Systemet tillèt ikkje innlevering eller endring av tilbod etter at fristen er ute. Leverandøren har ansvar og ber risikoen for at tilbodet kjem inn innan oppgjeven frist.

### **9.1 Tilbudets utforming**

Leverandøren skal fylla ut og svara på alle punkt i konkurransedokumenta. Leverandøren skal lasta opp dokumentasjonen som pdf.-filer dersom ikkje anna format er spesifisert.

Dokument som leverandøren skal fylla ut og levara saman med tilbodet, er:

- Tilbodsskjema
- Dokumentasjon av tildelingskriteriet kvalitet
- Framdriftsplan



## **10 VEDLEGG**

- Tilbodsskjema
- Rom og funksjonsomtale
- Kartutsnitt geografisk utstrekning Straume
- Kartutsnitt geografisk utstrekning Ågotnes
- IKT retningslinjer ved etablering av nye lokale
- Kjøpekontrakt omsorgsbustadar
- Seriøsitetføresegn i bygg- og anleggskontrakter